

Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:		Aust-Agder
Troms	Sogn og Fjordane	Telemark
Nordland	Hordaland	Buskerud
Nord-Trøndelag	Rogaland	Oppland
Sør-Trøndelag	Vest-Agder	Hedmark

Leiar: Magnar Lussand,
Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.
Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.
E-post: m-luss@online.no
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.
Tlf. 57884719. Fax 57884701.
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 30.04.2008.

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 Oslo

Epost: Postmottak@oed.dep.no

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
03 100225 - 57	
DATO - 2 MAI 2008	
AN	EKSP.

Høyringsuttale

Endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova

Det vert vist til høyringsbrev og høyringsnotat dgs. 14.03.2008.

Styret i Samarbeidande kraftfylke har handsama spørsmåla i sak 11-2008 og vedteke slik høyringsuttale:

- Offentleg eigarskap er ei god og framtidsretta organisering av kraftsektoren i Noreg.** Etter styret i Samarbeidande kraftfylka si vurdering er dette ein langt betre modell enn modellane som var drøfta i heimfallsutvalet, og kraftfylka vil slutte seg til dette prinsippet. Den modellen som er vald no, var ikkje aktuell for vurdering i heimfallsutvalet, men er ein konsekvens av premissane for avgjerda i EFTA-domstolen, der Norge ikkje fekk medhald i at noverande lovgeving er i samsvar med EØS-avtalen.
- Offentleg eigarskap bør vere "med god margin".** Med det er meint at der det er vegval i desse spørsmåla, bør ein velje løysingar som heller er meir offentlege enn meir private. Ei grunngeving for det er å førebygge at Noreg på ny kjem opp i ein situasjon der det på ny kan reisast tvil om den norske eigarskapsmodellen og /eller lage handlingsrom for motkrefter til ordninga med offentleg eigarskap.
- Store kraftverk, som er viktige for nasjonal kraftforsyning, bør vere offentleg eigde fullt ut.** Slike kraftverk bør etter kraftfylka sitt syn heller ikkje kunne leigast ut i ein eventuell framtidig utleigemarknad. Ei grunngeving for dette er at det må vere i nasjonal interesse å ha full kontroll med desse anlegga til ei kvar tid. Det må vurderast nøyare kva slag anlegg som bør omfattast av dette. NVE si klasse 3 kan vere eit utgangspunkt, dvs. anleggsobjekt som er viktige for kraftforsyninga i ein landsdel, region eller for drift av sentralnettet eller for store befolkningsgrupper, viktig infrastruktur eller andre særlege hensyn. Vi går ikkje nærare inn på utleigeregimet no, ettersom departementet har varsla at regler om dette vil bli fremja seinare.

4. Departementet foreslår at retten til inngå og overdra retten til langsiktige rettar til uttak av kraft skal gå ut. I staden skal medeigarretten utøvast som medeigarskap i det utbyggande selskapet. Endringa skal ikkje verke inn på inngådde kontraktar, som skal kunne vidareførast.

Medeigarrett er at ressursdistrikta, ved fylkeskommunane, får høve til å bli medeigarar i staten sine kraftutbyggingar mot å dekke sin del av kostnadene. Ordninga vart initiert av politikarane, og utvikla i 70-åra og byrjinga av 80-åra. Stortinget tek stilling til medeigarsspørsmålet i samband med handsaminga av konsesjonssøknadene. Medeigarretten har vore ei stor sak og nytta av fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Nordland. Andelane har vore betydelege, inntil 40 % (Alta).

Samarbeidande kraftfylke har ikkje merknader til at medeigarretten skal kunne utøvast som medeigarskap i det utbyggande selskapet, men går og inn for at den eksisterande lovgrunnlaget for medeigarrett gjennom langsiktige disposisjonsrettar til kraftproduksjon bør vidareførast for offentlege eigarar. Vidare at grunnlaget for medeigarretten må utviklast, slik at ressursdistrikta får ein større del i verdiskapinga av vasskrafta, som var grunnlaget for ordninga.

Når det gjeld lovforslaget og inngådde kontraktar, så vil der vere behov for at langsiktige kraftrettar kan overdragast t. d. i samband med samanslåing av kraftselskap og eventuell utleige av kraftverk. Dette vil i seg sjølv vere ein viktig grunn til å behalde adgangen til å meddele konsesjon for langsiktige disposisjonsrettar.

Når det gjeld inngåing av nye avtalar, så er lovforslaget for så vidt greitt nok i det tilfellet at eit kraftprosjekt er organisert som eit eige selskap. Medeigarretten kan då utøvast gjennom direkte medeigarskap i det nye kraftverket eller selskapet som eig kraftverket, slik departementet skriv. Dette stiller seg annleis dersom nytt kraftverk er eigd av selskap som også eig andre kraftverk. I slike tilfelle vil det vere lite føremålstenleg om fylket skal sitje med eigardelar i selskapet som eig kraftverket.

Medeigarskapen har så langt vore knytt til medeigarskap i staten sine kraftverk. Ei problemstilling der er nettopp at store deler av staten sine kraftverk ikkje er organisert som eigne kraftselskap, men samla i Statkraft sitt produksjonsselskap. For å bli medeigar i kraftverk som ikkje er organisert i eigne selskap, bør ein vidareføre dagens ordning. Ordninga bør avgrensast til offentlege eigarar etter forslaget til ny § 2 i industrikonsesjonslova.

Samarbeidande kraftfylke vil på denne bakgrunn foreslå at lovgrunnlaget for å meddele konsesjon for langsiktige disposisjonsrettar blir vidareført for dei offentlege aktørane. Dette kan eksemplarsvis gjennomførast ved at departementet sitt forslag til ny § 2 første ledd blir utvida til å kunne meddele konsesjon til erverv av "eiendomsrett eller langsiktig disposisjonsrett". Tilsvarende kan § 1 nytt andre ledd angje langsiktig disposisjonsrett på linje med eiendomsrett i første og andre punktum for heilskaps skuld.

Ordninga bør også vidareutviklast slik at ein oppnår at ressursdistrikta får ein større del av avkastninga av vasskrafta, som var ein viktig del av grunnlaget for ordninga. Det vert vist til følgjande sitat frå Arbeiderpartiet sin talsmann, Ingvald Ulveseth i debatten i Stortinget 27.05.1971, jf. Innst. S. nr 222 (1970-71), då desse spørsmåla vart tekne opp:


"Heile komiteen går inn for at fylkeskommunar og regionale kraftverk bør få høve til å gå inn som partnarar saman med statskraftverka i sitt eige distrikt når dette kan gjennomførast rasjonelt. Bak denne tanken ligg ønsket om at distriktet skal få del i dei verdiar dei nedskrivne anlegga har. Men vi bør ikkje sjå bort frå at ei slik løysing fører med seg ein del praktiske problem t.d. når det gjeld finansiering, som må løysast om ordninga skal ha nokon verdi."

Berre ein avgrensa del av verdiskapinga av vasskrafta blir i dag verande i dei distrikta der ressursane finst og verdiane blir skapte. Denne situasjonen er langt frå tilfredsstillande. Fleire medeigarskapsprosjekt har havareert på grunn av at fylka ikkje har makta dei økonomiske vilkåra (Breheimen og Alta).

Medeigarskapsordninga må utviklast slik at ein kan arbeide mot målsetjinga i dagens situasjon. Om dette skal la seg gjere, må ordninga truleg utviklast slik at fylka kan bli medeigarar også i staten sine eksisterande kraftutbyggingar. Vidare må vilkåra vere slik at medeigarskapen kan realiserast. No som tidlegare, vil det vere aktuelt at regionale kraftselskap er involverte i desse sakene, alt etter kva partane blir samde om lokalt.

5. Når kraftverk heimfall til staten, har ressursdistrikta ved primærkommunane rett til inntil 1/3 av heimfalne verdiar. Dette blir avkorta slik at kommunen får 1/3 av kraftverk inntil 250 GWh, 1/4 av neste 250 GWh og 1/8 av det som kjem over 500 GWh. Samarbeidande kraftfylke har tidlegare føreslått at **resten av denne inntil 1/3 som ressurskommunen ikkje får nyttiggjort seg, skal gå til fylkeskommunen**. Med det lovforslaget som føreligg, vil det etter alt å dømme ikkje bli heimfalne verdiar å fordele. Lovverket omkring heimfall skal likevel bli ståande. Så lenge lovverket står der, bør også del til ressursfylka vere med, også for å ta høgde for at situasjonen kan endre seg.

Med vennleg helsing


Maghar Lussand
Styreleiar